Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	Måndag 25.09.23 kl. 09-14, K1, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Raymond Lie (RIO), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Trude Aarseth (FFO), Torveig Botnen (Pensjonistforbundet), Michael Sønnesyn (FFO), Christel Borge Bersaas-Nesse (vara SAFO) Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fråvær	Øivin Ask (SAFO), Ulrikke Tranberg (SAFO)

Saksnr	**Saka gjeld**
23/78	**Velkomen** **Godkjenning av referat, innkalling og dagsorden** ***Avgjerd:*** *Innkalling og dagsorden er godkjent utan merknader. Referat frå 21.08.23 er godkjent med følgjande merknad på sak 23/68: Det er bestemt at Brukarutvalet ikkje skal opprette eigen Facebookside.*
23/79	**Kva rører seg i sjukehuset?** Samhandlingssjef Grete Lill Hjartnes informerte om Helsefellesskapet og kva tema som var på agendaen i OU-møta: • Innflytting i Glasblokkene • Samarbeid med barn og unge – etablere fellesmøte mellom legevaktene og Barne- og ungdomsklinikken • Innspel til felles strategi for Helsefellesskapet i Bergensområdet – satt ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med dette fram mot partnarskapsmøte i februar 2024. Innspel i møtet: *Utfordringsbilete er likt i sjukehus og kommunar – det er eit felles utfordringsbilete.* *Overgangar frå spesialisthelseteneste til kommunale tenester – kommunane er ofte ikkje godt nok forberedt.* *Brukarstemme inn i dei faglege samarbeidsutvala* *Utvikling og moglegheiter er utfordrande for ressurssituasjonen, økonomi og samhandlinga.* *Tenke nytt i forhold til samhandlingsmodellar, kan ein ha andre prosessar? Hjelpe kvarandre på tvers av nivåa* *Fokus på prioriteringar* *Styrke fastlegemodellen* *Bruke pårørande som ein ressurs* ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering. Innspel til overordna strategi sendast til Linda innan 01.oktober. Linda sendar innspel til Trude Hjortland innan 02.10.23.*
23/80	**Flytting av Akuttposten** Akuttposten som per no ligg på Bergen Helsehus er planlagt flytta til Utgreiingsmottak 1 i Mottaksklinikken 16.oktober. Dette er ei mellombels plassering fram til posten kan samlokaliserast med psykisk helsevern og rusmedisin i det nye Årstadhuset. Sengekapasiteten i Akuttposten vil bli redusert til 6 senger med same moglegheit for overvaking som i dag.

	Avgjerd: *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering.*
23/81	**Orientering om psykisk helsevern for framtida og Årstadhuset** Divisjonsdirektør Hans Olav Instefjord orienterte om <u>Årstadhuset</u> Skal bidra til betre integrering mellom psykisk helse, rusmedisin og somatikk. Alle sengepostane skal vere likt utforma, ein skal ha god oversikt og sosial tetthet skal reduserast. Fokus på skjermingsfasilitetar og tryggleik for dei tilsette. Alle noverande parkeringsplassar skal gjerast om til gode uteareal for pasientane. Området skal vere gjerdet inn på ein god måte for å skjerme pasientar på tvang og det skal ikkje vere innsyn inn. Psykisk helsevern for eldre skal også flyttast inn i Årstadhuset. Eigen ambulanseinngang ved akuttmottaket. Her vil det også vere ein ekstra inngang. Pasientar innanfor tryggleikspsykiatri, samt kjente pasientar som skal inn i lange forløp skal til Sandviken-området med ein gong. Må jobbe godt med kva som skal vere på Sandviken, og korleis DPS-ane skal sjå ut. Årstadhuset blir viktig for å differensiere tilbodet til ulike pasientgrupper, få betre plass til behandling og sikre at psykisk sjuke pasientar får ein betre somatisk oppfølging. Det må jobbast allereie no for å endre kulturen mellom psykisk helsevern og somatikk. Parkering ved Augebygget skal ivaretakast. Per i dag er det få parkeringar her, og berre ein handikap-parkering per no. Dette skal det sjekkast opp i, slik at ein ikkje stiller pasientgrupper opp mot kvarandre. Vidare prosess: Det må sendast lånesøknad til Helse Vest; dette må vedtakast i styret i oktober/november. Helse Vest skal så sende vidare til Helse- og omsorgsdepartementet. Krevjande drift framover fordi ein må stenge ned delar av Psykiatrisk Akuttmottak (PAM) etter pålegg frå Statens helsetilsyn. Har også fått pålegg frå Sivilombodsmannen for å utbetre tryggleiken og fasilitetar i Klinikk for tryggleikspsykiatri. Blir ein krevjande situasjon i 2024, men vil skjerme Psykisk helsevern for barn og unge. Vil bli nedtrekk av senger på DPS og i Psykiatrisk klinikk. Må dermed bryte sektorgrensene slik at ein kan bruke ledige ressursar. Nokre pasientar må få ambulant oppfølging – dette må riggast. God nytte av erfaringskonsulentar. Brukarpanel. Pasient- og brukarorganisasjonar. Frivillige. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering. Brukarutvalet støtter heilhjarta opp om at Årstadhuset utviklast slik at psykisk sjuke pasientar kan få eit betre tilbod. Brukarutvalet vil også understreke at finansieringa av prosjektet må sikrast for å få realisert Årstadhuset så snart som råd.*
23/82	**Orientering om Avdeling for rusmedisin** Seksjonsleiar AFR Klokkarvik Gerd Irgens og rådgjevar Bjørn Tormod Ringdal informerte om korleis dei jobbar i Avdeling for rusmedisin, ventetid og belegg, utfordringar og fokusområde. Utfordringar i forhold til pasientflyt mellom avrusing, stabilisering- og elektiv døgnbehandling. Ein del pasientar vel å ikkje møte. Har jamt over ledige plassar.

	Utfordrande at ein blir trekt i belegg når pasientar er på naudsynte trenings- og eksponeringsturar. Godt samarbeid med kommunen og med ettervernstiltak og brukarorganisasjonar. Mange gode ettervernstilbod i Bergen, i regi av kommunen og Helsedirektoratet. Viktig å koble pasientane på dette medan dei er i behandling. Utfordrande å forplikte seg til dette. Har stort fokus på overgangane frå døgn og ut i bustad. Bekymra for at ein ikkje får fylgt opp pasientar over tid viss ein må ta ned døgnbehandling grunna den økonomiske situasjonen. Mye fokus på brukarmedverknad og erfaringskompetanse. Alle seksjonar skal ha ein erfaringskonsulent. Per no er det 19 erfaringskonsulentar i AFR, 4 på 20 % stilling på forskingsavdelinga, og ein erfarer at tenesta blei betre etter dette. AFR har også fokus på pårørandetilbod. Drop-in tilbod kvar onsdag frå kl. 16-18 – dette er eit lågterskeltilbod. Lite forsking på kor lenge pasientar held seg rusfri etter behandling. Mange må ha fleire rundar med behandling. Nokre pasientar ønskjer heller ikkje å bli rusfri, men vil ha meir kontroll på rusbruken sin. Prøver å motivere til å kutte rusmidlar. Ha fokus på skadereduksjon også. Floen har betre resultat enn dei andre klinikkane. Dei har unge pasientar som er motivert, har dei over lang tid og får bustadtrening, og så eige leilegheit med tett oppfølging over mange år. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering*
23/83	**Orientering om budsjettarbeid; budsjett 2024** Økonomidirektør Kristin Pundsnes Budsjettavviket for 2023 vil medføre konsekvensar for neste års investeringsbudsjett. Jobbast med realisme i aktivitetsplan – ikkje planlegge for større aktivitet enn det som er realistisk. Per no 220 millionar i minus. Lønnskostnader utgjer 160 millionar av desse Ein ser ikkje effekt av dei generelle tiltaka ein har innført. Systematisk arbeid med prioritering; overdiagnostikk, overbehandling, faglege diskusjonar. Frå måndag 28.08. er det innført ulike tiltak som: Tilsetjingsstopp – tilsetjingar må godkjennast av administrerande direktør. Dag til dag-styring. Gjennomgang av bemanningsplaner og bemanningsbehov – må henge saman med budsjettsituasjon. Gjennomgang av stabsfunksjonar, lokalt og sentralt Budsjettnotat skal vere klart innan utgangen av oktober. Statsbudsjettet kommer 06.10. Innspel: *Bør ikkje redusere tilbod til pasientar innan psykisk helsevern og rusbehandling.* *Bekymra for at budsjettsituasjonen vil gå utover tilbodet til alle pasientgrupper, auke ventetider, operasjonskapasitet.* ***Avgjerd:***

	Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering. Brukarutvalet ønskjer å vere involvert i budsjettprosessen framover.
23/84	**Brukarmedverknad i prosjekt «Automatisert komplikasjonsdeteksjon for kirurgiske pasientar»** v/ prosjektleiar Anette Storesund Prosjektet skal utvikle en elektronisk algoritme som er basert på maskinlæring og som kan bidra til at komplikasjonar som oppstår i sjukehuset for kirurgiske pasientar, blir identifisert systematisk. Dette kan også vere med å føresjå kva pasientar som med stor sannsyn kan ha risiko for komplikasjonar i sjukehus, slik at ein kan sette i verk moglege målretta førebyggande tiltak for desse. 7-40 % av pasientane opplever komplikasjonar i spesialisthelsetenesta – av disse er 65 % knytt til kirurgi. 50 % av desse kan forebyggast. Komplikasjonar er underrapportert, og er vanskeleg å fange opp på systemnivå. Ein finner mest viss ein går inn og leser i journalen til pasientane. Prosjektet er nybrottsarbeid og har ikkje ei klar tidsgrense. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet tenker det vil vere fornuftig at heile Brukarutvalet blir informert og involvert i dette prosjektet undervegs. Prosjektleiar kontaktar koordinator når det er behov for avklaringar eller å gi informasjon til Brukarutvalet.*
23/85	**Program Sentralblokken** v/ prosjektleiar Merethe Storegjerde Informasjon om tidslina for organisasjons- og arealutvikling i Sentralblokken. Poliklinikk, robot- og forskingssenter, sannsynleg klart til februar 2025. Poliklinikk trinn 2 – satt litt på vent. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering.*
23/86	**Orientering om Meistringsveker ved Energisenter for barn og unge** v/ Connie Aspevoll, ass. seksjonsleiar for Energiteamet Barne- og ungdomsklinikken og koordinator for Ungdomsrådet Energiteamet for barn og unge ved Barne- og ungdomsklinikken (BUK) arrangerer Meistringsveker for barn og unge med kronisk sjukdom. Det har vert arrangert fleire veker for barn og unge med ulike diagnosar våren 2023, til dømes hjartesjuke, premature, men ein ser at fleire kunne ha delteke. Barnet / ungdommen deltek saman med ein føresett, og dei har noko ulikt opplegg i desse dagane. Ein ser behov for enno meir spissa informasjon til føresette, slik at fleire vil takke ja til å delta på meistringsveker. Energiteamet har utarbeidd eit invitasjonsskriv til Meistringsvekene som dei ønsker innspel på, gjerne frå Ungdomsrådet og Brukarutvalet, slik at ein både får perspektiv frå ungdommane og føresette. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering. Leiar i Brukarutvalet vil sjå på invitasjonen og gi tilbakemelding til saksinnmeldar.*
23/87	**Brukarmedverkar til samvalsverktøy i VeRaNor-prosjektet** Radiologisk avdeling søker Forskningsrådet om midlar til eit prosjekt med formål å forbetre tilvisingar innan radiologi i samarbeid med journalleverandøren DIPS ASA. I den forbindelse ønskjer dei å utvikle et samvalsverktøy til bruk i konsultasjonen når spørsmål om tilvising til radiologi kjem opp.

	Dei ønskjer brukarmedverkar til å bidra i utvikling av samvalsverktøy innanfor spesifikke anatomiske områder. Vidare ønskjer dei brukarmedverkar frå Brukarutvalet til styrings- eller referansegruppe. Det er sendt førespurnad til ulike brukarpanel, samt Kreftforeningen. ***Avgjerd:*** *Torveig Botnen går inn i referansegruppe/styringsgruppe for dette prosjektet. Brukarutvalet anbefaler at brukarmedverkar til dei ulike arbeidsgruppene rekrutterast frå FFO, SAFO og Kreftforeningen om ein ikkje får svar på sendt førespurnad. Koordinator følger opp dette.*
23/88	**Eventuelt** • **Saker til Strategisk samarbeidsutval (SSU) – Helsefellesskapet** Brukarutvalet har meldt inn sak i saman med andre brukarmedverkerar i Helsefellesskapet i forhold til korleis sjukehuset kan nyttiggjere seg meir pasient- og brukarorganisasjonar. Det er vedtatt at dei frivillige si rolle må inn som tema i den strategiske planen for Helsefellesskapet i Bergensområdet. Det må sikrast brukarrepresentasjon i prosessen med å utarbeide strategiplan for Helsefellesskapet. • **Alrek-dagane** Tema i år var eteforstyrringar, arbeidslivstorg for studentar, prioritering i helsetenesta. • **Nytt honorarskjema** Små endringar i honorarskjema – nytt skjema for utfylling blir sendt til den enkelte når utfylt skjema er sendt inn. ***Avgjerd:*** *Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering.*